



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Bolig- og bygningsavdelingen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6139 - 14/20521

Saksbehandlar:  
Nora Gjerde  
nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:  
10.09.2014

## Høyringsvar på endringar i byggeteknisk forskrift, hausten 2014.

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Nora Gjerde  
administrasjonssekretær

Andre mottakere:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/14	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	01.09.2014
013/14	Eldrerådet	PS	02.09.2014
114/14	Plan- og miljøutvalet	PS	03.09.2014
068/14	Levekårsutvalet	PS	02.09.2014
078/14	Levekårsutvalet	PS	08.09.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tor Hegle	14/6139

## Høyringsvar på endringar i byggeteknisk forskrift, hausten 2014.

### Vedlegg:

Horingsnotat\_vedlegg\_byggteknisk\_forskrift\_UU\_6 jun 2014

Horingsnotat\_byggteknisk\_forskrift\_UU\_6 jun 2014

Horingsbrev\_byggteknisk\_forskrift\_UU\_6 jun 2014

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Høyringa leggest fram til politisk avgjer.

## Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 010/14

### RMNF - behandling:

Einingsleiar Tor Hegle orienterte i saka.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne påpeikar at: Alle leiligheiter/buenheiter skal være til alle.

Til dømes : Ein rullestolbrukar/brukar av rullator skal kunne besøke barn, venner eller foreldre uten å føle seg diskriminert.

Pga. av stor variasjon på måla som rullestolane har(staten gjennom NAV prisforhandler godkjente hjelpemidsdel) må snusirkelen være 1,4 m.

Samrøystes vedteke.

**RMNF - vedtak:**

Einingsleiar Tor Hegle orienterte i saka.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne påpeikar at: Alle leiligheiter/buenheiter skal være til alle.

Til dømes : Ein rullestolbrukar/brukar av rullator skal kunne besøke barn, venner eller foreldre uten å føle seg diskriminert.

Pga. av stor variasjon på måla som rullestolane har(staten gjennom NAV prisforhandler godkjente hjelpemidsdel) må snusirkelen være 1,4 m.

**Eldrerådet - 013/14**

**ER - behandling:**

Einingsleiar Tor Hegle orienterte om saka.

Eldrerådet støtter seg til vedtaket i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Samrøystes vedteke.

**ER - vedtak:**

Einingsleiar Tor Hegle orienterte om saka.

Eldrerådet støtter seg til vedtaket i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

**Plan- og miljøutvalet - 114/14**

**PM - behandling:**

**Framlegg frå L. Brunborg-Ap:** Plan- og miljøutvalet i Lindås har utover støtte til høyringsuttale frå

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ingen kommentarer.

Framlegget frå L. Brunborg-Ap fekk 4 røyster og fall (L. Brunborg-Ap, A.N. Sylta-Ap, S. H. Kjeka-Krf og K. Gjerstad-Sp).

**Framlegg frå Høgre:** Plan- og miljøutvalet støttar endringar i byggtekniske forskrifter.

Framlegg frå Høgre vart vedteke med 5 røyster (I. Hindenes-H, I. Fjeldsbø-H, H.Rydland-H, K. Romarheim-Krf og H. Mjøs-Frp).

**PM - vedtak:**

**Uttale i plan- og miljøutvalet - 03.09.2014:**

Plan- og miljøutvalet støttar endringar i byggtekniske forskrifter.

**Levekårsutvalet - 078/14**

**LE - behandling:**

Assisterande rådmann Hogne Haugsdal orienterte i saka.

Ingen merknader.

Samrøystes.

**LE - vedtak:**

**Uttale i Levekårsvalet - 08.09.2014:**

Ingen merknader.

## **Saksopplysningar:**

### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Plan- og miljøutvalet

### **Bakgrunn**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har sendt framlegg til endringar i byggtknisk forskrift til plan- og bygningslova på høyring.

Det er gjort framlegg om endringar i krav til tilgjenge til- og i bustader med vidare.

Høyringa er eit av fleire tiltak som skal bidra til forenkling av plan- og bygningslovgjevinga.

### Hovudendringar:

- To alternative forslag til endring av krav til tilgjenge i bueining:
  - o Unntak fra krav til tilgjenge for inntil 50 prosent av bueiningar på 50 m<sup>2</sup> BRA eller mindre i eit bygg, eller
  - o Krav til snusirkel reduserast frå 1,5 m til 1,4 m og skal gjelde i kun eitt rom av kvar funksjon
- Fjerning av krav om universell utforming av felles uteareal for større bustadområde.
- Redusert krav til stigningsforhold for gangtilkomst til bustad. (Før 1:20 – no 1:15)
- Redusert krav til åpningskraft for dør. (Før 20N – no 30N)
- Skjerpa krav til tryggleikglass i vindu og andre glasfelt.
- Endra krav til utgang fra branncelle i risikoklasse 4.
- Enkelte redaksjonelle endringar.
- Ikraftredingsdato 01.01.15.

Detaljane i endringane er vist i vedlegg til saka.

### **Vurdering**

#### Om politisk behandling.

Dei aktuelle politiske høyringsinstansane i kommunen er - Råd for menneske med nedsett

funksjonsevne, - Eldrerådet og - Plan- og miljøutvalet.

Som følge av at høringsfristen går ut 01.01.2014 vil det, etter fastsett møteplan, berre vere Råd for menneske med nedsett funksjonsevne som har høve til å uttale seg innan for frista.

Tilbakemeldinga vil bli sendt KMD umiddelbart etter møtet.

Eldrerådet og Plan- og miljøutvalet sin uttale kan ettersendast, men det vil vere opp til KMD om dei vli ta med desse høyringssvara i si behandling.

#### Om innhaldet i høyringa.

Endringane er av mindre vesentleg tyding.

Det er sett fram forslag å velje mellom

- alternativ 1 (TEK§12-2. «Tilgjengelig boenhet». - Nok at 50% av bueiningane, max 50m<sup>2</sup> BRA, oppfyller krava.)

- alternativ 2 (TEK§12-7, 2.ledd. «Krav til rom». – Redusere snusirkel frå d<sub>min</sub>=1,5m til 1,4m.

Gjeld for berre eitt rom av kvar funksjon. - Og - TEK§12-8, 1.ledd. «Entre/garderobe». -

Redusere snusirkel frå d<sub>min</sub>=1,5m til 1,4m).

Alternativ 1 må styrast gjennom utforminga av arealplan, og at utbygging styrast etter dette. Vil berre få konsekvens for nye planar – Vil ikkje gi endring av eksisterande byggmasse.

Alternativ 2 kan styrast gjennom den enkelte byggesaken og vil kunne gjelde alt som byggast nytt.